



Sesongen 16/17

Me gjentek også i vinter suksessen med heimebanecup, og me har også i år fått med oss [Lapua](#) på laget som hovedsponsor. Navnet vil dermed verta LapuaCup også i år. Me håpar også å få med oss fleire sponsorar, slik at me også i år kan tilby eit fyldig premiebord.

Det var i fjor 122 skyttarar med å skaut cuppen i rekrutteringsklassane og 91 i senior og veteranklassane. Dette må me sei oss godt nøgde med og håpar å gjenskape dette i vinter!

Alle lag i Hardanger og Voss er herved invitert til å delta. Målet må vera å få flest mogleg (forhåpentligvis alle) laga med, og med dette skapa eit tilbod for alle. Ikkje minst til dei som kanskje ikkje reiser rundt på stemner elles.

Slik føregår cupen:

All skyting føregår på heimebane på 15 meter, det vert halde 6 kvalifiseringsrundar der dei 4 beste resultatata vert teljande som kvalifisering til den avsluttande finalen.

Skytinga føregår på **vekedagar** i terminfesta veker, dersom det er hensiktsmessig for å få alle klassar med på cupen, kan fleire dagar i den aktuelle veka nyttast. Resultat frå opne stemner kan ikkje telja i cupen. Det er viktig at laga opptrer rettvis for at opplegget skal fungera.

Resultat skal rapporterast inn seinast sundag i same veka det vert skote. Det hadde vore å føretrekkja at dei som har moglegheit til det, køyrer cupskytingane via stemnestyring (eks. Leon) og sender vedlagt .xml-fila som til vanleg vert importert til «mitt Dfs» (dette vil letta den til no litt tidkrevjande resultatregistreringa).

Alle resultat skal sendast til følgjande mailadresse: lapuacup-hardangervoss@outlook.com



Skyteprogram/reglar

Det skal skytast ein 35-skot med «utandørsprogram», 25-skot for Aspirant og kl. 1.

Alle skal skyta i den klassen dei er kvalifisert for (eller vel) i 2017, husk at det er kome ein ny klasse, nemleg Eldre Junior for 18-åringar!

Alle skyttarar i H&V Skyttarsamlag kan delta. Skyttarane står fritt til å delta hjå eit av nabolaga dersom det er hensiktsmessig eller at ditt eige lag ikkje arrangerer cupen.

Alle klassar kan delta, men det er ingen finaleskyting for kl. Asp.

Resultat og anna informasjon vert lagt ut på Stradebarm Skyttarlag si heimeside:

dfs.no/stradebarm å på Facebooksida til «Lapua Cup Hardanger og Voss» vert det lagt ut oppdateringar rundt resultat og andre relevante opplysingar. Fint om ein også kan dele bilder frå skytingane her.

Finale:

I R, ER, JR og EJ kan alle som ynskjer stilla til finale.

1-5 og Veteran: 50% i kvar klasse går til finale, maks 10 pr. klasse. Info og program for finalen kjem når det nermar seg.

Innskot: (eingongssum)

1-5 og veteran: 200,- (100 til premiering innleiande, 100 til arrangementavgift og finalepremiering)

R,ER, J og EJ: 100,- (50 til premiering innleiande, 50 til arr avg og finelepremiering) Aspirant:

100,- (alt til premiering)

Innbetaling til følgjande konto innan 4. desember (etter 3. runde): [3530.28.60805](https://www.svebank.no/35302860805). Merk innbetalinga «Lapuacup». Send samstundes ein mail til lapuacup-hardangervoss@outlook.com med korrekt antal deltakarar i kvar klasse det er betalt for.



Premiering: (innleiande)

For å stå til premie, må ein ha delteke på 4 av dei 6 innleiande rundane, premiering vert berekna ut ifrå sluttlistene i dei ulike klassane.

Aspirant: Alle får priemie

R/ER/J/EJ: ½ får priemie

1-5 og Veteran: 1/3 får premie

Etter tips frå nokre lag, så høver det godt å ha ei felles utdeling av premiar innan laget som ei oppsummering av sesongen, ekstra kjekt for dei yngste!

Finalepremiering kjem ein tilbake til.

Terminfesta cup-veker:

1. runde: Veke 44 (31 okt. - 4. november 2016)

2. runde: Veke 46 (14.-18. november 2016)

3. runde: Veke 48 (28. nov-2. desember 2016)

4. runde: Veke 50 (12.-16. desember 2016)

5. runde: Veke 1 (2.-6. januar 2017)

6. runde: Veke 3 (16.-20. januar 2017)

Finale: Miniaturbanen i Strandebarm. Dato er ikkje fastsett enno.

Påmelding:

Lag som ynskjer å delta, sender tilbakemelding på mail til: lapuacup-hardangervoss@outlook.com innan 30. oktober 2016.

Lukka te!:-)

Mvh Cup-komiteèn

Chris-Andre, Trine, Harald